



Nordhordland Indremisjon
Holtermandsvegen 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2139 - 14/8637

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
HansKristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:
12.06.2014

gnr 23 bnr 1 - Avslag på søknad om arealoverføring til gnr 23 bnr 325

Administrativt vedtak. Saknr: 151/2014

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 12.06.2014 gjeldande arealoverføring frå eigedom gnr 23 bnr 1 til eigedom gnr 23 bnr 325. Det omsøkte arealet ønskjast lagt til eksisterande bustadeigedom.

Nordhordland indremisjon har tidlegare og seinast i sak 12/4305 søkt om frådelling av denne delen av deira eigedom gnr 23 bnr 1 til bustadføremål. Søknaden vart avslegen (delegert sak 074/12, 21.02.2012) og påklaga til planutval (sak 054/12, 19.06.2012), men Meland kommune sitt vedtak og oppfatning av reguleringsplanen vart stadfesta av Fylkesmannen (24.07.2012).

Frå klagesak (054/12)

«Omsøkte parsell er i gjeldande reguleringsplan vist som bustadområde. Det er ikkje vist plassering av bustad på tomta som er søkt frådelt. Tomta er heller ikkje nummerert. Ein må forstå reguleringsplanen slik at denne tomta ikkje var meint for bustadbygging. Det er uheldig at tomta er vist som bustadområde i planen. Ein må forstå reguleringsplanen i den retning av at tomta er meint som eit areal som skal vere tilgjengeleg for det regulerte bustadområde i planen, og ikkje som ei sjølvstendig bustadomt.»

Gjennom tidlegare handsaming av saka (vedlagt) er det klarlagt at det er ikkje er høve til å reise bustadar innan for dette området av gnr 23 bnr 1. Føresegnene slår fast at det berre er innteikna bygg som kan byggjast. I denne reguleringsplanen kan desse areala nyttast til fellesareal.

Me registerer at søknaden i utgangspunktet ikkje har som målsetting å gje grunnlag for realisering av nye byggjetiltak, men vere ei arealoverføring. Arealet vil likevel endra formell karakter både fordi det tilgjengelege fellesarealet for alle bustadane vert mindre og fordi tilleggsarealet vil høyre saman med ein bustadeigedom.

Søknaden er i strid med reguleringsplanen og kan ikkje godkjennast utan reguleringsendring eller dispensasjon.

Vedtak

«Meland kommune gjev avslag på søknad om arealoverføring av ein parsell frå eigedom gnr 23 bnr 1 til gnr 23 bnr 325. Grunngevinga er at søknaden er i strid med reguleringsplanen for området, jf pbl §§ 1-6 og 26-1.»

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9, påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket, jf forvaltningslova § 28

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

gnr 23 bnr 1 - Avslag på søknad om frådelling
gnr 23 bnr 1 - Handsaming av klage på avslag om frådelling